



MØTEBOK

| | |
|-----------------|---|
| Organ | Fylkesutvalet |
| Møtestad | Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna |
| Møtedato | 08.04.2019 |
| Kl. | 10:00 – 14:50 |

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Åshild Kjelsnes til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Representanten Bjørn Erik Hollevik fekk permisjon frå kl. 13.30 og deltok ikkje ved handsaminga av sak 33/19.

Fylkesutvalet vedtok at skriv nr. 19, 20, og 24 b) i sak 33/19 skulle handsamast bak lukka dører, jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd.

Fylkesutvalet avgjorde at møtet i organet 23. april skal starte kl. 16 og at møtet primo mai skal starte 8. mai kl. 16 og halde fram 9. mai kl. 08.30.

Munnlege orienteringar:

Åshild Kjelsnes orienterte frå styremøte i Executive Committee i Nordsjøkommisjonen 4. og 5. april.

SAK 18/19 Saksframlegg om handlingsplan for førebyggende arbeid

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget godkjenner framlegget til Handlingsplan for førebyggende arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme.

SAK 19/19 Omorganisering av Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS)

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg opp til ei omorganisering av Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) til samvirkeføretak. Omorganiseringa skal skje i 2019 og fylkeskommunen skal stifte medlemskap i samvirkeføretaket. OKOS sine opparbeidde verdier og aktiva skal overførast til det nye samvirkeføretaket.
 2. Fylkestinget gjev fylkesutvalet fullmakt til å godkjenne det seinare stiftingsdokumentet for samvirket, inkludert forslag til vedtekter.
-

SAK 20/19 Klima- og miljøpris

VEDTAK:

Fylkeskommunen sin klima- og miljøpris for 2018 vert delt ut til Evoy AS, ved Leif Arne Stavøstrand. Prisen består av ein diplom og 50 000 kr, og vert delt ut på fylkestinget i april.

SAK 21/19 Høyanger - Kommuneplanen sin samfunnsdel

VEDTAK:

1. Fylkesutvalet vurderer Høyanger kommuneplan sin samfunnsdel til å vere eit kortfatta, konkret og oversiktleg utkast. Mål/strategiar svarar godt på dei utfordringane som er skildra.
 2. Samfunnsdelen inkluderer ikkje ein handlingsdel og det er heller ikkje tydeleggjort korleis mål og strategiar i planen skal takast vidare for å munne ut i konkrete handlingar. Det er eit krav etter plan- og bygningslova § 11-1 at samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel.
-

SAK 22/19 Årsrapport 2018 og Årsplan 2019. Regional plan for verdiskaping

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner årsrapport 2018 for arbeidet med regional plan for verdiskaping.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtek årsplan 2019 for arbeidet med regional plan for verdiskaping. Dersom det ikkje er fullt samsvar mellom fylkeskommunen sitt budsjettvedtak for 2019 og økonomioversikt i årsplan 2019 for verdiskapingsplanen, så er det tala i budsjettet som gjeld for fylkeskommunale aktivitetar.

SAK 23/19 Etablering av Campus Førde verftet AS

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget godkjenner vedlagde samarbeidsavtale mellom Høgskulen på Vestlandet og Sogn og Fjordane fylkeskommune om etablering og utvikling av Campus Førde verftet AS (CFv AS), mellom anna som eit ledd i å styrke utviklinga av Fagskulen i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne avtalen under føresetnad av at avtalen vert godkjend av styret for Høgskulen på Vestlandet.
2. Fylkestinget løyver:
 - a. 0,045 mill. kr til kjøp av 450 aksjar á kr 100 i Energilab Sogn og Fjordane AS, med sikte på å omstrukturere selskapet til CFv AS. Løyvinga vert finansiert ved bruk av kapitalfondet.
 - b. 15 mill. kr til Campus Førde verftet AS som tilskot til investeringar i selskapet. Løyvinga vert finansiert med bruk av disposisjonsfond. Løyvinga vert utbetalt etter at samarbeidsavtalen er signert og selskapet etablert.
3. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne vedtektene for CFv AS, velje eigarrepresentant og nominere eventuelle styremedlemer.

Endringsframlegg:

Fylkesrådmannen la fram ny tilråding til vedtak, jf. vedlegg 2 til saksframlegget:

1. Fylkestinget godkjenner vedlagde samarbeidsavtale mellom Høgskulen på Vestlandet og Sogn og Fjordane fylkeskommune om etablering og utvikling av Campus Førde verftet AS (CFv AS), mellom anna som eit ledd i å styrke utviklinga av Fagskulen i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne avtalen under føresetnad av at avtalen vert godkjend av styret for Høgskulen på Vestlandet.
2. Fylkestinget løyver 0,045 mill. kr til kjøp av 450 aksjar á kr 100 i Energilab Sogn og Fjordane AS, med sikte på å omstrukturere selskapet til Campus Førde verftet AS. Løyvinga vert finansiert ved bruk av kapitalfondet.
3. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne vedtektene for selskapet, velje eigarrepresentant, og nominere eventuelle styremedlemer
4. Fylkestinget legg til grunn at Campus Førde verftet AS, så snart selskapet er etablert, søker fylkeskommunen om investeringsstøtte på 15 mill. kr. Søknaden må oppfylle krava i det alminnelege gruppeunntaket (GBER).

5. Fylkestinget løyver 15 mill. kr til Teneste 4005 Fylkesutvalet til disposisjon. Løyvinga vert finansiert frå disposisjonsfond. Fylkesutvalet får fullmakt til å løyve inntil 15 mill. kr i støtte til Campus Førde verftet AS basert på ein eventuell søknad frå selskapet.

Avrøysting:

Fylkesutvalet vedtok samrøystes den nye tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget godkjenner vedlagde samarbeidsavtale mellom Høgskulen på Vestlandet og Sogn og Fjordane fylkeskommune om etablering og utvikling av Campus Førde verftet AS (CFv AS), mellom anna som eit ledd i å styrke utviklinga av Fagskulen i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne avtalen under føresetnad av at avtalen vert godkjend av styret for Høgskulen på Vestlandet.
2. Fylkestinget løyver 0,045 mill. kr til kjøp av 450 aksjar á kr 100 i Energilab Sogn og Fjordane AS, med sikte på å omstrukturere selskapet til Campus Førde verftet AS. Løyvinga vert finansiert ved bruk av kapitalfondet.
3. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne vedtektene for selskapet, velje eigarrepresentant, og nominere eventuelle styremedlemer
4. Fylkestinget legg til grunn at Campus Førde verftet AS, så snart selskapet er etablert, søker fylkeskommunen om investeringsstøtte på 15 mill. kr. Søknaden må oppfylle krava i det alminnelege gruppeunntaket (GBER).
5. Fylkestinget løyver 15 mill. kr til Teneste 4005 Fylkesutvalet til disposisjon. Løyvinga vert finansiert frå disposisjonsfond. Fylkesutvalet får fullmakt til å løyve inntil 15 mill. kr i støtte til Campus Førde verftet AS basert på ein eventuell søknad frå selskapet.

**SAK 24/19 Stortingsmelding 8 (2018-2019) Kulturens kraft.
Kulturpolitikk for framtida. Innspel til Familie- og
kulturkomitèen i Stortinget**

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til formuleringane for dei nasjonale kulturpolitiske måla som er skissert i St.meld 8 (2018-2019) *Kulturens Kraft. Kulturpolitikk for framtida.*
2. Slik Sogn og Fjordane fylkeskommune les kulturmeldinga, vert det frå Regjeringa si side i svært liten grad lagt opp til overføring av oppgåver frå staten til fylkeskommunane på kulturfeltet gjennom denne meldinga. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber difor om at Stortinget sin Familie- og kulturkomitè, i si handsaming av meldinga, følgjer opp «Hagenutvalet» sine forslag om overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune utfordrar komitèen til å vere dristige og nytenkjande, og til å sjå moglegheitene som ligg i demokratisering og maktspreiing, og å ta i bruk kunst- og kulturfagleg kompetanse i heile landet på ein ny måte. Fylkeskommunane har god kompetanse, og er klar til å ta over nye oppgåver.
4. Prinsippet om at budsjettmidlane følgjer ansvar og oppgåver må ligge til grunn for oppgaveoverføringa.

5. Sogn og Fjordane fylkeskommune forventar at staten inngår eit forpliktande samarbeid med fylkeskommunane; gjerne via KS, for snarleg overføring av oppgåver på kulturfeltet til fylkeskommunane. Samarbeidet må utviklast til ein tett og systematisert dialog for å utvikle den nasjonale kulturpolitikken.

SAK 25/19 Ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at ein tek inn følgjande nye overordna mål for kulturminnepolitikken:
 - Auka satsing på klimaførebyggjande tiltak for bevaring av kulturminna.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken greier ut følgjande:
 - Nye verkemiddel for at regionalt folkevalt forvaltningsnivå skal kunne ta vare på regionalt viktige kulturminne
 - Nye verkemiddel for å styrke handverkskompetansen og kompetansen på gjenbruk av eldre bygningsmasse
 - Nye verkemiddel for å bevare kulturminne og kulturlandskap i samband med kraftutbygging
 - Vidareføring og oppretting av fleire bevaringsprogram på kulturminneområdet
 - Auka satsinga på bevaring og utvikling av verdsarvstadane
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber også om at ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken omtalar og prioriterer auka satsing på kunnskaps- og kompetanseutvikling om kulturminne i kommunane, i frivillig sektor og i skuleverket.

SAK 26/19 Musea i Sogn og Fjordane - fellesmagasin og museumsbygg

**Frå hovudutvalet for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Investeringsprosjektet «Kløften» vert ikkje realisert. Fylkestinget legg til grunn at Musea i Sogn og Fjordane realiserer fellesmagasin for musea i fylket i tidlegare Ramstad eskefabrikk i Angedalen i Førde.
2. Eventuell fylkeskommunal medverknad i nye investeringsprosjekt i regi av Musea i Sogn og Fjordane vert å vurdere med grunnlag i konkrete søknadar frå museumsstiftinga. Slike søknadar må vise kva som er føremålet med prosjekta og elles vise investeringskostnader, driftskonsekvensar og korleis investeringane/drifta er tenkt finansiert.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen førebu ei sak med framlegg til dekking av dei kostnadene som er gått med til forprosjekt for «Kløften», mellom anna kostnader som skal delast med Førde kommune. Fylkesutvalet får fullmakt til å følgje opp dette.

Protokolltilførsel: Hovudutval for næring og kultur vil påpeike at Musea i Sogn og Fjordane har endra sine prioriteringar der arbeidsmiljøomsyn i administrasjonsbygg ved Sunnfjord museum er prioritert som nr. 3, etter Holevikjekta. Det meiner hovudutvalet ikkje er rett prioritet, ikkje minst knytt til dei pålegg Arbeidstilsynet kom med i sin rapport i 2016.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet gjorde framlegg om endra formulering i punkt 3:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen førebu ei sak med framlegg til dekking av dei kostnadene som er gått med til forprosjekt for «Kløften», dvs. kostnader som skal delast mellom fylkeskommunen og Førde kommune. Fylkesutvalet får fullmakt til å følgje opp dette.

Fylkesutvalet gjorde framlegg om nytt punkt 4:

Fylkestinget vil påpeike at Musea i Sogn og Fjordane har endra sine prioriteringar der arbeidsmiljøomsyn i administrasjonsbygg ved Sunnfjord museum er prioritert som nr 3, etter Holevikjekta. Dette meiner fylkestinget ikkje er rett prioritet, ikkje minst knytt til dei pålegg Arbeidstilsynet kom med i sin rapport i 2016.

Avrøysting:

Punkta 1 og 2 i tilrådinga frå hovudutvalet for næring og kultur vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 i tilrådinga frå hovudutvalet for næring og kultur fekk ingen røyster.

Framlegget frå fylkesutvalet til endra pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå fylkesutvalet til nytt pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Investeringsprosjektet «Kløften» vert ikkje realisert. Fylkestinget legg til grunn at Musea i Sogn og Fjordane realiserer fellesmagasin for musea i fylket i tidlegare Ramstad eskefabrikk i Angedalen i Førde.
2. Eventuell fylkeskommunal medverknad i nye investeringsprosjekt i regi av Musea i Sogn og Fjordane vert å vurdere med grunnlag i konkrete søknadar frå museumsstiftinga. Slike søknadar må vise kva som er føremålet med prosjekta og elles vise investeringskostnadar, driftskonsekvensar og korleis investeringane/drifta er tenkt finansiert.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen førebu ei sak med framlegg til dekking av dei kostnadene som er gått med til forprosjekt for «Kløften», dvs. kostnader som skal delast mellom fylkeskommunen og Førde kommune. Fylkesutvalet får fullmakt til å følgje opp dette.
4. Fylkestinget vil påpeike at Musea i Sogn og Fjordane har endra sine prioriteringar der arbeidsmiljøomsyn i administrasjonsbygg ved Sunnfjord museum er prioritert som nr 3, etter Holevikjekta. Dette meiner fylkestinget ikkje er rett prioritet, ikkje minst knytt til dei pålegg Arbeidstilsynet kom med i sin rapport i 2016

SAK 27/19 Kjøp av rutetenester med båt frå 1. mai 2022

Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre tilbodskonkurranse for tenestekjøp av hurtigbåtruter frå 1. mai 2022, innanfor rammene av gjeldande økonomiplan. Det vert lagt til grunn at heilårseffekten av krav knytt til klima, miljø og universell utforming vert innarbeidd i

økonomiplanen.

2. Rutetilbudet skal vidareførast på dagens nivå og i tråd med føringar i RTP 2018-2027 og FT-sak 11/10;
 - a. Ordninga med å legge inn opsjonsruter i tenestekjøpet, der kommunane får høve til å kjøpe ekstraruter utover fylkeskommunalt minstetilbud, skal vidareførast.
 - b. Fylkesrådmannen får fullmakt til å vidareføre ordninga med felles rute- og ambulansebåt i Florabassenget.
 - c. Aktuelle rutejusteringar skal vurderast.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ha ned utsleppa frå hurtigbåtane i Sogn og Fjordane. Dette er ei naturleg vidareføring av satsinga på utsleppsfrie ferjer og hydrogenprosjektet fylket har arbeidd med. Ein ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak i juni kor punkta under er utgreidd, tidsnok til anbudsutlysinga i haust.
 - a. Sogn og Fjordane fylkeskommune lyser ut anbudsruta Florø-Måløy- evt Selje t/r som et nullutslipps/lågutslepps anbod for hurtigbåtar. Er dette aktuelt for andre ruter, vert desse å lyse ut på same måte.
 - b. Ruta må ha ein frekvens som gjer arbeidspending mellom Florø, ytre Bremanger og Vågsøy (evt. Selje) enklare enn i dag, både på dag- og kveldstid.
 - c. Fylkesrådmannen må vurdere kva som må til for å kome i posisjon til statlege støtteordningar som til dømes Enova.
4. For å bidra til utvikling og implementering av klima- og miljøvenleg teknologi skal føringane frå RTP vedkomande klima- og miljøtiltak innfriast så langt det er teknisk og økonomisk mogleg.
5. Ev. tilskotsmidlar frå eksterne finansieringsordningar knytt til klima og miljø skal kome i tillegg til ordinære midlar.
6. Standard og nivå på materiell og infrastruktur skal vidareførast, men tidsriktige løysingar skal søkast. Kapasitet og utforming må justerast i forhold til forventa behov.
 - a. Eldre båtar med mangelfull universell utforming må fasast ut med meir tidsriktig materiell.
 - b. Fart på båtane må vurderast opp mot hensiktsmessig klassifisering av farty og rutefunksjon.
 - c. Kaiar, venterom og trafikkknutepunkt skal vidareutviklast med omsyn til universell utforming og trafikktryggleik.
7. Større endringar i kjøpet som krev utvida rammer skal godkjennast av fylkestinget.
8. Fylkesrådmannen kan avgjere innkjøpstekniske spørsmål som t.d. tildelingskriterium, avtaleperiodar, overgangsordningar og inndeling i rutepakkar.
9. Fylkesrådmannen kan avgjere fagspørsmål som t.d. fartøy, fart, universell utforming, rutetider, kapasitetsbehov og liknande.
10. Fylkestinget legg vedlagt plan for det vidare arbeidet til grunn for den vidare politiske handsaminga av saka, med sak til samferdsleutvalet 17. juni og 1. oktober.

Endringsframlegg:

Venstre og Kristeleg Folkeparti gjorde slikt framlegg til nytt punkt:

Fylkestinget ber administrasjonen innarbeide i anbodet at tilbydar sjølv skal presentere ein plan for gradvis nedtrapping av utslepp i kontraktsperioden, enten ved utskifting av materiell, energi- og miljøeffektivisering eller andre tiltak.

Fylkestinget ber i tillegg administrasjonen vurdere moglegheitene for å innføre ein CO2-bonus

Senterpartiet gjorde slikt framlegg til nytt punkt:

Fylkestinget ber administrasjonen lyse ut anbodet på ein måte som synleggjer skilnaden i kostnad mellom null/lågutslepp og konvensjonell teknologi.

Fylkesutvalet gjorde framlegg om slik endring i punkt 10:

Fylkestinget legg følgjande plan for det vidare arbeidet til grunn for den vidare politiske handsaminga av saka, med sak til samferdsleutvalet 17. juni og 1. oktober:

Des 18 – april 19: Utarbeiding av nasjonal rettleiar for hurtigbåtanbod

Mai – august: Utarbeiding av utkast til konkurransegrunnlag

Juni: FT-sak 4. juni, hovudutval for samferdsle 17. juni

Sep: Høyring konkurransegrunnlag

Okt: Hovudutval for samferdsle 1. oktober

Okt: Omarbeiding konkurransegrunnlag

20. nov: Utsending av konkurransegrunnlag

Ca. 1. mars: tilbodsfrist

Ca. 1. mai: tildeling 2 år før oppstart

1 mai 2022: Oppstart alle nye kontraktar

Avrøysting:

Framlegget frå Venstre og Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Fylkesutvalet sitt framlegg til endring i punkt 10 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå hovudutval for samferdsle, med ovannemnde endring, vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre tilbodskonkurranse for tenestekjøp av hurtigbåtruter frå 1. mai 2022, innanfor rammene av gjeldande økonomiplan. Det vert lagt til grunn at heilårseffekten av krav knytt til klima, miljø og universell utforming vert innarbeidd i økonomiplanen.
2. Rutetilbodet skal vidareførast på dagens nivå og i tråd med føringar i RTP 2018-2027 og FT-sak 11/10;
 - a. Ordninga med å legge inn opsjonsruter i tenestekjøpet, der kommunane får høve til å kjøpe ekstraruter utover fylkeskommunalt minstetilbod, skal vidareførast.
 - b. Fylkesrådmannen får fullmakt til å vidareføre ordninga med felles rute- og ambulansebåt i Florabassenget.
 - c. Aktuelle rutejusteringar skal vurderast.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ha ned utsleppa frå hurtigbåtane i Sogn og Fjordane. Dette er ei naturleg vidareføring av satsinga på utsleppsfrie ferjer og hydrogenprosjektet fylket har arbeid med. Ein ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak i juni kor punkta under er utgreidd, tidsnok til anbudsutlysinga i haust.
 - a. Sogn og Fjordane fylkeskommune lyser ut anbudsruta Florø-Måløy- evt Selje t/r som et nullutslipps/lågutsleppsanbod for hurtigbåtar. Er dette aktuelt for andre ruter, vert desse å lyse ut på same måte.
 - b. Ruta må ha ein frekvens som gjer arbeidspending mellom Florø, ytre Bremanger og Vågsøy (evt. Selje) enklare enn i dag, både på dag- og kveldstid.
 - c. Fylkesrådmannen må vurdere kva som må til for å kome i posisjon til statlege støtteordningar som til dømes Enova.
4. For å bidra til utvikling og implementering av klima- og miljøvenleg teknologi skal føringane frå RTP vedkomande klima- og miljøtiltak innfriast så langt det er teknisk og økonomisk mogleg.
5. Ev. tilskotsmidlar frå eksterne finansieringsordningar knytt til klima og miljø skal kome i tillegg til ordinære midlar.
6. Standard og nivå på materiell og infrastruktur skal vidareførast, men tidsriktige løysingar skal søkast. Kapasitet og utforming må justerast i forhold til forventa behov.
 - a. Eldre båtar med mangelfull universell utforming må fasast ut med meir tidsriktig materiell.
 - b. Fart på båtane må vurderast opp mot hensiktsmessig klassifisering av farty og rutefunksjon.
 - c. Kaiar, ventetom og trafikkknutepunkt skal vidareutviklast med omsyn til universell utforming og trafikktryggleik.

7. Større endringar i kjøpet som krev utvida rammer skal godkjennast av fylkestinget.
8. Fylkesrådmannen kan avgjere innkjøpstekniske spørsmål som t.d. tildelingskriterium, avtaleperiodar, overgangsordningar og inndeling i rutepakkar.
9. Fylkesrådmannen kan avgjere fagspørsmål som t.d. fartøy, fart, universell utforming, rutetider, kapasitetsbehov og liknande.
10. Fylkestinget legg følgjande plan for det vidare arbeidet til grunn for den vidare politiske handsaminga av saka, med sak til samferdsleutvalet 17. juni og 1. oktober:
 - Des 18 – april 19: Utarbeiding av nasjonal rettleiar for hurtigbåtanbod
 - Mai – august: Utarbeiding av utkast til konkurransegrunnlag
 - Juni: FT-sak 4. juni, hovudutval for samferdsle 17. juni
 - Sep: Høyring konkurransegrunnlag
 - Okt: Hovudutval for samferdsle 1. oktober
 - Okt: Omarbeiding konkurransegrunnlag
 - 20. nov: Utsending av konkurransegrunnlag
 - Ca. 1. mars: tilbodsfrist
 - Ca. 1. mai: tildeling 2 år før oppstart
 - 1. mai 2022: Oppstart alle nye kontraktar
11. Fylkestinget ber administrasjonen innarbeide i anbudet at tilbydar sjølv skal presentere ein plan for gradvis nedtrapping av utslepp i kontraktsperioden, enten ved utskifting av materiell, energi- og miljøeffektivisering eller andre tiltak.

Fylkestinget ber i tillegg administrasjonen vurdere moglegheitene for å innføre ein CO2-bonus.
12. Fylkestinget ber administrasjonen lyse ut anbudet på ein måte som synleggjer skilnaden i kostnad mellom null/lågutslepp og konvensjonell teknologi.

SAK 28/19 Vurdering av akkumulert mindreforbruk knytt til resultatoverføringsordningane

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Akkumulert mindreforbruk på tannhelsesektoren vert disponert til prosjekt i samband med oppfølging av FT-sak 25/16.
 2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å omdisponere akkumulert resultat mellom dei vidaregåande skulane.
-

SAK 29/19 Oppfølging av FT-sak 25/16 Tannhelsetenesta - ein framtidsetta klinikk- og tenestestruktur

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek orienteringa om oppfølging av FT-sak 25/16, Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur, til vitande. Det vert arbeidd vidare med ikkje avslutta tilpassingar innafør ramma av denne saka.
2. Det vert opna for kjøp av eigedommen fylkeskommunen i dag leiger til tannklinikken på Eid. Kjøpet vert finansiert med oppsparte fondsmidlar. Fylkesrådmannen får fullmakt til å sluttforhandle og signere endeleg avtale.
3. Det skal leggjast fram ei eiga sak for fylkestinget i juni som vurderer moglege alternativ og vidare framdrift i arbeidet med å løyse arealbehova ved tannklinikane i Florø og Sogndal.

SAK 30/19 Utbygging Sogndal vgs avd. Kaupanger med utleigedel

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Utarbeidd rom- og funksjonsprogram datert 03.02.19, med samla nettoareal på 3.685 m², vert lagt til grunn for utbygging av Sogndal vgs, avd Kaupanger og for utbygging av utleigedel.
2. Det skal inngåast leigeavtale med Vitensenteret i Sogn og Fjordane as, slik det er framstilt i saka. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre tingingar og inngå leigeavtale.
3. Den totale kostnadsramma vert sett til 140 mill. 2019-kr. Løns- og prisstiging og ev. kostnader knytt til reguleringsplanarbeidet og tilhøyrande rekkefylgjekrav kjem i tillegg.

SAK 31/19 Nytt opplærings- og kompetansesenter Førde

Frå hovudutval for opplæring låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Utarbeidd rom- og funksjonsprogram, datert 12.03.19, med samla nettoareal på 20.227 m², vert lagt til grunn for utbygging av ny vidaregåande skule og ny tannklinikk på Indre Øyrane i Førde.
2. Hafstad vidaregåande skule vert seld til Førde kommune i tråd med tidlegare vedteken intensjonsavtale. Det er føresett at Førde kommune gjer parallelt vedtak. Ny og endeleg avtale vert inngått ihht. dette. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre og signere endeleg avtale.
3. Den totale kostnadsramma vert sett til 720 mill. kr. Løns- og prisstiging, kostnader til tomtekjøp og kostnader i fbm. rekkefylgjekrav - som del av reguleringsprosessen - kjem i tillegg.
4. Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd Førde, vert ikkje ein del av dette prosjektet.
5. Skulen skal byggast som eit klimanøytralt bygg eller «plusshus». Det skal hovudsakleg nyttast tre som byggmateriale.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet gjorde slikt framlegg til endra punkt 5:

Skulen skal som eit minimum byggast som eit passivhus. For å redusere klimaverknaden skal material med låge klimagassutslepp og bruk av tre som bygningsmateriale ha prioritet.

Avrøysting:

Punkta 1 – 4 i tilrådinga frå hovudutval for opplæring vart samrøystes vedteke.

Fylkesutvalet sitt framlegg til endra punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Punkt 5 i tilrådinga frå hovudutval for opplæring fekk ingen røyster.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Utarbeidd rom- og funksjonsprogram, datert 12.03.19, med samla nettoareal på 20.227 m², vert lagt til grunn for utbygging av ny vidaregåande skule og ny tannklinikk på Indre Øyrane i Førde.
2. Hafstad vidaregåande skule vert seld til Førde kommune i tråd med tidlegare vedteken intensjonsavtale. Det er føresett at Førde kommune gjer parallelt vedtak. Ny og endeleg avtale vert inngått ihht. dette. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre og signere endeleg avtale.
3. Den totale kostnadsramma vert sett til 720 mill. kr. Løns- og prisstigning, kostnader til tomtekjøp og kostnader i fbm. rekkefylgjekrav - som del av reguleringsprosessen - kjem i tillegg.
4. Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd Førde, vert ikkje ein del av dette prosjektet.
5. Skulen skal som eit minimum byggast som eit passivhus. For å redusere klimaverknaden skal material med låge klimagassutslepp og bruk av tre som bygningsmateriale ha prioritet.

SAK 32/19 Særskild godtgjersle

VEDTAK:

1. Leiar i kontrollutvalet får godtgjort for meirarbeid vinteren og våren 2018 med kr. 44 160
2. Kostnaden vert dekkja inn i budsjettet for kontrollutvalet

SAK 33/19 Skriv og meldingar fylkesutvalet 8. april 2019

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1: Revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter
- 2: Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru – status
- 3: Uttale om Statens vegvesen til regjeringa
- 4: Brev til KMD 07.03.19 -Gjennomgang av inndeling for regional stat - oppfølging av regionreforma

- 5: Fv. 695 Teita bru i Gloppen kommune
- 6: Høyringsnotat - Endring av vedtekter for KS - Representasjon til Fylkesmøter og Landsting
- 7: Nordfjordreådet 06.03.19 - Statens Vegvesen sitt fagmiljø i Nordfjord må styrkast
- 8: Brev frå Lotteri- og stiftelsestilsynet 14.03.19 - Avvikling stiftinga Norsk Sjøfuglsenter
- 9: Brev frå Lotteri- og stiftelsestilsynet 13.03.19 - Avslag på søknad om vedtektsendring
- 10: Protokoll - fylkesråds sak, Troms fylkeskommune, om sekretariatet for Nasjonal rassikringsgruppe
- 11: Fellesnemnda for Nye Kinn kommune 18.03.19 - Søknad om finansiell deltaking i nytt Hurtigbåttilbod
Vedtak: Saka vert oversendt hovudutvalet for samferdsle.
- 12: Statens Vegvesen 21.03.19 - Nasjonale turistvegar - utvikling, drift, vedlikehald og forvaltning
- 13: Brev frå SD 29.11.18 - Overføring av sams veiadministrasjon - Utredning av nasjonale føringer for riks- og fylkesveinettet
- 14: Brev frå SD 15.03.19 - Svar på førespurnad om møte om avgiftsbelastning på det regionale flyrutenettet
- 15: Brev frå Kunnskapsdept. 18.03.19 - Informasjon om oppfølging av regionrefomen
- 16: Brev frå Kulturdept. 26.03.19 - Invitasjon til oppstartsmøte med fylkeskommunene
- 17: Fagleg seminar om vindindustrien og nasjonal ramme for vindkraft på land 22. mai 2019
- 18a: Val av politiske representantar til North Sea Commission 25 June
- 18b: NSC Position holders February 2019
Vedtak: Åshild Kjelsnes er fylkeskommunen sin kandidat som chair i Nordsjøkommisjonen si Marine ressursgruppe, og som vararepresentant til ExCom i Nordsjøkommisjonen.
- 19a og b: Referat frå eigarmøte i Firda Billag AS
Ikkje offentleg, Offl. § 13, første ledd
Fylkesutvalet fann Gunhild Berge Stand inhabil til å ta del i drøftingane, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.
- 20: Skysstasjonen i Sogndal – utvikling av areal
Ikkje offentleg, Offl. § 23, første ledd
Vedtak: Fylkesutvalet vel alternativ B i fylkesrådmannen sitt notat.
- 21: Brev frå DSB 27.03.19 - Tilbakemelding på søknad om pilot i pågåande tekniske utviklingsprosjekt.
- 22a – c: Samarbeid mellom Ningxia, Kina og Sogn og Fjordane fylkeskommune
Vedtak: Fylkesutvalet løyver kr 75 000,- til UWC med dekning frå kontoen «fylkesutvalet til disposisjon».
- 23: KLP sin Klimapris

- 24a: Dom Gulating lagmannsrett: BKK AS – Sogn og Fjordane fylkeskommune
24b: Notat Lund & Co
Ikkje offentleg, Offl. § 23 første ledd
- 25: Søknad frå Redningselskapet datert 04.04.19
-